



Brannmeister Kjell Tungesvik med bilen frå 1972 (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Brannbilen i tropp Uskedal er ein gammal Land Rover frå 1972.  
Ja– du las rett – frå 1972! Snart 40 år !**

Om ein køyrer over 60 km/t, er køyreeigenskapane så dårlege at det er vanskeleg å halda bilen på vegen. Når det brenn, er det fyrsteinnsatsen som tel. Etter raskare branntroppen kan vera på plass, etter større sjanse er det for å redde liv og verdiar.

I debatten under budsjettrevisjonen i 2010, vedtok kommunestyret at tropp Halsnøy og tropp Uskedal skal bestå. Det medfører at ein må ha ein nyare og betre brannbil. Då snakkar vi om ein brannbil som har 2 – 3 tusen liter vatn med seg.

Det kan gjerne vera ein bruktbil. Når ein har vatn med seg, vert fysteinnsatstida redusert ned til nesten det halve. Det er vatn i slangane med ein gong brannbilen er framme. Tropp Ølve og tropp Halsnøy har allereie slike bilar. I Rosendal og på Husnes er det tankbilar med mykje meir vatn.

Om ikkje tropp Uskedal no får lovnad på ein betre brannbil, er her fleire brannfolk som ikkje orkar å fortsetja i troppen. Som brannmann har ein eit stort ansvar. Skal liv og verdiar gå tapt grunna dårleg utstyr, vert dette ei stor påkjenning for mannskap som gjer ein enorm innsats i redningsarbeidet. Her det og snakk om sikkerheten for brannmannskapa.

Kjell Yri



Den siste brannen i Uskedalen var i mai i år (Foto: Ola Matti Mathisen)